
Fra: Manger Skulemusikklag <msml.leiar@gmail.com>
Sendt: fredag 25. mai 2018 18.12
Til: Postmottak Radøy
Emne: Innspel til trafikksikringsplan

Hei

Manger skulemusikklag har innspel til Trafikksikringsplanen i Radøy Kommune.

Me øver for tida på Radøy ungdomsskule og har gjort oss opp nokon tankar kring trafikksikringa. Me ser at det er farlege situasjonar som oppstår når folk køyrer ned til Radøyhallen for å snu. Det er trangt og lite oversiktleg når folk parkerer på uoppmerka plasser. Det har vore ein del stygge episodar når alle skal til å rygga og snu bilane i hente og bringesituasjonar.

Hadde det vore mogleg å utbetra vegen som går rundt Ungdomsskulen? Då kunne det vore einvegskøyrt rundt skulen, slik at folk slapp å snu bilane.

Det er stor trafikk på vegen forbi Grønålen ned til Radøyhallen og ungdomsskulen og vi er svært redd for at det vil skje ulykker her. Hadde det vore mogleg å laga fartsdumpar på vegen ned til Radøyhallen? Det hadde vore tryggar om det var eit fortau nedover den vegen. Det skulle og vore meir lys, spesielt frå innkjørsel til bua i Grønålen og heile området mot Radøyhallen. Her er det svært mørkt om haust/vinter, spesielt i regn.

Manger skulemusikklag er ein stor organisasjon med ca 50 musikanter. Mange av desse er og med på aktivitetar som skjer i både Radøyhallen og Grønålen. Me har ingen å miste. Håpar kommunen ser viktigheta med å utbetra dette området.

Takk for at me har fått komme med innspel til trafikksikringsplanen,

Mvh

-

[Torill Myrtveit Fjeld](#)

Leiar Manger skulemusikklag

-

M: +47 93041112

e: msml.leiar@gmail.com

www.msml.no